

Saksprotokoll i Kommunestyret - 29.11.2018

Vedtak

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2019-2022 med desse endringane:

Endring driftsbudsjett	2019	2020	2021	2022	Kommentar
Mindreforbruk rådmannen sitt budsjett	-23 358 000	-24 926 000	-24 601 000	-26 965 000	
Oppseiing husleigekontraktar	-400 000	-500 000	-600 000	-700 000	
Løyvingskonto formannskapet	-400 000	-400 000	-400 000	-400 000	
Løyvingskonto kommunestyret	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	
Utbytte kommunalt eigde aksjepostar	-1 500 000	-500 000	-500 000	-500 000	
Omorganisering nattevakt	-300 000	-600 000	-600 000	-600 000	
Endringar som følgje av statsbudsjettet	-3 800 000	-3 800 000	-3 800 000	-3 800 000	Ressurskrevjande brukarar, bemanningsnorm, skulehelseteneste
Innsparing overflytting av pasientar	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000	Frå rehab til sjukeheim
Utsetjing veg Grunnvågen	-250 000				
Utbygging Langelandskrinsen	-300 000				Utsett til etter skulebruksplanen er vedteken
Eining for habilitering	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000	
Fritidsklubb, måndag og onsdagsklubb	400 000	1 100 000	1 100 000	1 100 000	
Lærlingar	389 500	1 520 000	2 103 680	2 103 680	
Folkehelsekoordinator	200 000	200 000	200 000	200 000	
Frisklivssentralen	300 000	400 000	400 000	400 000	
Åkervikåsen	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	
Plankapasitet	300 000	300 000	300 000	300 000	
Nysæter ungdomsskule	1 300 000				
MOT	100 000				
Skeisebanen	500 000	500 000	500 000	500 000	
Elevressurs	500 000	500 000	500 000	500 000	
Endring som følgje av overskot og investering		5 726 370	-462 848	-398 209	
Overskot etter budsjettendringar	-27 218 500	-21 379 630	-26 760 168	-29 159 529	
Netto endring frå rådmannen sitt budsjett	-3 860 500	3 546 370	-2 159 168	-2 194 529	

Rett utskrift:

Endring investeringsbudsjett	2019	2020	2021	2022	Kommentar
Veg Grunnvågen	-8 200 000			8 200 000	
Utbygging Nysæter	50 000 000	57 000 000	-107 000 000		
Utbygging Langeland	-10 200 000	10 200 000			
Større overskot enn i rådmannen sitt framlegg -> lægre låneopptak		-3 360 500	3 846 370	-1 859 168	
Sum endringar i høve opprinneleg budsjett	31 600 000	63 839 500	-103 153 630	6 340 832	
Effekt driftsbudsjett		5 726 370	-462 848	-82 398	

2019 2020 2021 2022

Oversendingsframlegg:

Kommunestyret ber Komité for rehabilitering, helse og omsorg søke om deltaking i forsøksordninga med Statlig finansiert eldreomsorg, i neste utlysingsrunde

2. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
3. a) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2019: *Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.*

Kommunar som til og med år 2018 skreiv ut skatt på kategorien verk og bruk, kan frå 2019 til og med 2024 vedta å skriva ut skatt på eit særskild fastsett grunnlag.

Grunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018:

Det vert skriva ut skatt på det særskilde skattegrunnlaget redusert med ein sjuandedel i 2019 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt).

b) Skattesatsen vert sett til 2,5 ‰ av omsetnadsverdien for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen vert sett til 5 ‰ av næringseigedom og ubebygd grunneigedom.

c) I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a) opnar kommunestyret for fritak av eigedomar som er eigde av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Eigedomar som kvalifiserar for fritak etter bestemmelsen og som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette kan gjelda. I tillegg kan eigedom tilhøyrande andre stiftingar/organisasjonar bli vurdert fritakne av kommunestyre på grunnlag av søknad.

Dei eigedomar som tidlegare år er innvilga fritak for eigedomsskatt av kommunestyret i medhald av eigedomsskattelova § 7, jf. vedlegg til budsjettdokumentet, skal ha fritak for eigedomsskatt også i 2019.

d) Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar. Innbetalingane kan etter avtale fordelast på 12 terminar.

e) Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

Rett utskrift:

f) Botnfrådrag vert for 2019 sett til kr 400 000

4. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil 247 900 000 kr i lån i 2019 som serielån. Låneopptaket er fordelt slik:

Startlån til vidare utlån kr 50 000 000

Lån til investering i vatn og avlaup kr 177 419 000

Lån til Stord hamnestell kr 20 481 000

Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag.

Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til Stord kommune, og alle lån i porteføljen (sjå vedlegg) kan refinansierast i inneverande år og i budsjettåret. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

5. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2019 slik det går fram av eige vedlegg for:

- Kommunale eigedomsavgifter
- Gebyr for regulerings-, byggesaks-, og oppmålingssaker
- Betalingsatsar for feiing og tilsyn
- Avgift for vatn, avlaup og renovasjon

6. Som eit ledd i å få meir automatiserte tenester vedtek kommunestyret at det skal betalast fakturagebyr på papirfaktura. Gebyret vert sett til kr 55. Foreldrebetaling barnehage, sjølvkostområda, dagopphald og korttidsopphald institusjon, elektronisk faktura er unntatt frå gebyr.

7. Kommunestyret fastset førebels slike tilskotssatsar for 2019 til private barnehagar i Stord kommune:

Ordinære barnehagar:

Små born/full plass kr 200 861

Store born/full plass kr 95 641

Satsar for familiebarnehagar og refusjon kapitalkostnader skal vera tilsvarende retningsgjevande satsar frå departementet.

8. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra løyvingane på investeringsbudsjettet der ikkje anna er sagt i budsjettkommentarane. Fullmakta omfattar løyvinga til samarbeidsprosjekt for Stord kommunalteknikk (vatn og avlaup).
9. Stord kommune vil i 2019 busetta 28 flyktningar medrekna familiesameiningar.
10. Stord kommune gjev Stord kyrkjelege fellesråd eit driftstilskot for 2019 på kr 8 498 186. Kr 90 000 av tilskotet er øyremerka tilskotsordninga til kremering. Kommunestyret legg til grunn at fellesrådet fastset ein tilskotssum for etterletne som vel kremasjon og forvaltar ordninga med kremasjonsstønad innanfor den fastsette ramma.

Rett utskrift:

11. Det vert for 2019 fordelt driftstilskot/-støtte til kultur- og idrettsorganisasjonar m.m. slik:

Sunnhordland museum	kr 100 000
Friluftsrådet vest	kr 433 390
Stord sogelag	kr 10 000
Sunnhordland kammerorkester	kr 25 000
Teaterlaget	kr 10 000
Venskap Stord-Comalapa	kr 20 000
17. mai Leirvik, Sagvåg og Huglo	kr 76 000
Falturiltu barnebokfestival	kr 100 000
Gards- og ættesoge	kr 75 000
Arrangementet 100 dagar (underskotsgaranti)	kr 25 000
Huglo Bygdelag	kr 50 000

Det skal fordelast 400 000 til lag og organisasjonar, med kr 150 000 til idrettslaga og kr 250 000 til andre lag og organsasjonar etter kommunestyret sine retningsliner.

Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2019-budsjettet i til samarbeidstiltak og næringsføremål:

Hordaland olje og gass, driftstilskot	kr 50 000
Maritime Clean Tech	kr 50 000
Haukelivegen AS, driftstilskot	kr 32 000
Samarbeidsrådet for Sunnhordland	kr 699 862
Samarbeidsrådet, reiselivssatsinga	kr 234 544
Medlemskontingent Stord næringsråd	kr 30 000
Atheno AS, Maritim industriinkubator	kr 150 000
Atheno AS, Ungt entreprenørskap	kr 65 000
Kjøp av førstelinetenester for næringsetablering	kr 200 000

Komité for næring, miljø og kultur får i tillegg fullmakt til å disponera løyving på kr 100 000 til næringsføremål.

12. Kommunestyret gir Komité for næring, miljø og kultur fullmakt til å fordela løyvinga på kr 400 000 til tilskot til lag og organisasjonar, Stord maritime museum og til oppfølging av museumsplan.

13. Stimuleringstilskotet for arbeidstakarar over 62 år vert avvikla frå og med 2019.

Rett utskrift:

14. Kommunestyret ber rådmannen i første halvår 2019 leggja fram sak til OOU om erfaringar frå MOT, som skal inkludera eventuelle resultat frå forskning på effektane av MOT. I saka skal ein ta stilling til eventuell oppseiing av medlemsskapet i MOT.
15. Kommunestyret ber rådmannen å ta initiativ til å oppretta barnevernvakt for dei tre samarbeidskommunane frå og med hausten 2019.
16. Kommunestyret ber rådmannen vurdere om kommunen skal starta opp eige produksjonskjøkken og overta matlaginga for bebuarar i institusjonane m.fl. når avtalen med den eksterne leverandøren går ut.
17. Kommunestyret ber rådmannen vurdere å redusere tal senger på rehabiliteringssenteret, med siktemål å oppnå stordriftsfordeler for dei ordinære sjukeheimplassane.
18. Kommunestyret ber Rådmannen i eiga sak til første møte i RHO i 2019 å vurdere avvikling av Vidstentunet og gje brukarane eit alternativt tilbod på Sæbø Gard. Evt annan bruk av Vidstentunet må vere ein del av vurderinga.
19. Kommunestyret løyver kr 150 000 til ein forstudie som skal vurdere nye lokale for Hamna, Maris og LAR-senteret. Komité for rehabilitering, helse og omsorg får fullmakt til å ta stilling plassering av tenestene.
20. Kommunestyret ber rådmannen om i løpet av første halvår 2019 å leggja fram sak om eventuell avvikling av døgntilbodet i Åkervikåsen. Saka skal drøfta kva tenestetilbod brukarane på Åkervikåsen vil få ved eventuell avvikling, og økonomiske konsekvensar av ei avvikling
21. Kommunestyret løyver kr 400 000 samla til lag og organisasjonar (integrering), Stord maritime museum og oppfølging regional museumsplan. Komité for næring, miljø og kultur skal fordela løyvinga i samband med handsaminga av detaljbudsjettet.
22. Kommunestyret ber rådmannen om i første halvår 2019 å leggja fram sak til NMK om vidare drift av skeisebanen, der potensialet for varmesal og billettinntekter vert vurdert, og der eventuell tilbakebetaling av spelemidlar også vert vurdert.
23. Kommunestyret legg til grunn at Stord kommunale eigedom AS betalar ut eit ekstraordinært utbyte på kr 1 mill. ved avslutning av rekneskapen for 2018.
24. Kommunestyret legg til grunn at rådmannen arbeider vidare med dagkaserering av brannstellet og at det samstundes vert lagt til rette for å organisera kommunen sitt bilhald (verkstad m.m.) med base på brannstasjonen på Vabakken.
25. Kommunestyret ber rådmannen om i første halvår 2019 å leggja fram sak til NMK om korleis ein kan organisera byggvakt i samarbeid med andre vaktordningar i kommunen eller med hjelp av innkjøpte tenester.
26. Kommunestyret bed rådmannen om ein gjennomgang av sentraladministrasjonen og einingsleiarnivået. Kommunestyret forventar ein mest mogleg rasjonell og effektiv organisasjonsstruktur. Kommunestyret ynskjer å auka plankapasiteten.
27. Kommunestyret ser eit likeverdig og tillitsbasert trepartssamarbeid som viktig for å møta dagens og morgondagens utfordringar og vidareutvikla kommuneorganisasjonen. Kommunestyret vil vidareføra trepartssamarbeidet "Saman om" utan innsparingskrav. Kommunestyret forventar at organet arbeider vidare med sjukefråver, utviklingsprosjekt og effektivisering og kontnuerleg forbetring av organisasjonen.
28. Når berekningsmodellen for ferjeavløysingsmidlar for ferjesamband med fleire enn to ferjeanløp er ferdigstilt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, skal Stord kommune: 1) avtala kostnadsdeling mellom Stord kommune , Tysnes kommune og

Rett utskrift:

Hordaland fylkeskommune for utarbeiding av reguleringsplan for fastlandssamband mellom Huglo og Tysnes. 2) Ha som mål å setja av naudsynte midlar i 2020-budsjettet til utarbeiding av reguleringsplan for fastlandssambandet Huglo-Tysnes.

29. Kommunestyret ynskjer etablert eit aktivitetsområde for born, ungdom og vaksne i Borggarden. Arbeidet skal organiserast i form av eit oppgåveutval med tre politikarar og seks innbyggjarar som skal leiast av leiar for NMK, Bente Bjelland. Utvalet skal leggja fram innstilling til kommunestyret innan første halvår 2019. Prosjektet skal ferdigstillast i løpet av 2019. Totalkostnad for prosjektet skal vera 1 mill kroner, der ein halvparten skal dekkjast av kommunen og den andre av spelemidlar.
30. Kommunestyret bed rådmannen om ein gjennomgang av vaktmeistertenestene. I gjennomgangen skal det verta vurdert om Lean kan nyttast for å effektivisera arbeidsprosessar.
31. Kommunestyret rådmannen om ei sak til OUT om SFO. Saka skal vurderer 1) vidareutvikling av innhaldet i SFO bl.a. I samarbeid med Stord vgs, HVL og frivillige lag og orgaisasjonar. 2) Ulike prismoderasjonsordningar som søskenmoderasjon, moderasjon for låginntektsfamiliar, m.v.
32. Kommunestyret bed rådmannen evaluera avtalane med idrettslaga innan første halvår av 2019.
33. Kommunestyret bed rådmannen i samarbeid med fagorganisasjonane vurderer nye seniortiltak.
34. Kommunestyret bed rådmannen redusere husleigeutgifter ved å seia opp husleigeavtalar og flytta tenester frå eksterne til eigne bygg. Kommunestyret forventar ei innsparing på 400 000 kr i 2019, og ytterlegare innsparingar i åra deretter.
35. Kommunestyret bed om ein gjennomgang av nattevaktordninga på RHO-området med sikte på reduksjon av kostander til føremålet. Kommunestyret forventar kostnadsreduksjon på 250 000 kr i 2019.
36. Kommunestyret bed om ei sak til driftsstyret som vurderer omorganisering av dei samla kulturtenestene inkl bibliotek og kulturskulen, og oppretting av ei klutursjefstilling. Kommunestyret forventar at kulturskuletilbodet som resultat av omorganiseringa kan vidareførast på dagens nivå utan å auka budsjettrammene.
37. Kommunestyret bed rådmannen om ei sak som vurderer å selja kommunale utleigebustader til SKE AS.
38. Folkehelsekoordinator skal vidareførast i 100 % stilling (40 % prosjektfinansiert). Kommunestyret legg til grunn at det vert søkt om tilskot frå Fylkesmannen til delfinansiering av stillinga.

Handsaming

Samla budsjett vart vedteke med 25 mot 9 røyster (H, V, MDG og Stordlisto)

Det vart først røysta over dei ulike budsjettfamlegga

- | | |
|---------------------------------|--|
| Nr. 1 utan endringar til nr. 13 | Samrøystes vedteke |
| Nr. 1 endringar | Vedteke med 20 mot 13 røyster (H, Frp, V, MDG og Stordlisto) |
| Oversendingsframlegget | Vedteke med 30 mot 3 røyster (SV utan Nils Magne Blålid) |
| Nr. 14 til 17, 19 og 21 til 38 | Vedteke med 20 mot 13 røyster (H, Frp, V, MDG og Stordlisto) |
| Nr 18 (før 19) | Vedteke med 17 mot 16 røyster (Frp, H, V, MDG, Stordlisto, Hilde Hauglid, Vegar Moe og Kjellbjørg Lunde alle (SV)) |

Retts utskrift:

* * *

Ap, Sp, SV og Krf kom med framlegg til budsjettendring i nr. 1 slik det ligg føre i vedtaket.

Ap, Sp, SV og Krf kom med framlegg til endring i formannskapet si innstilling i nr. 14 til 27 og nye pkt. frå 28 til 38 slik det ligg føre i vedtaket.

* * *

Ap, Sp, SV og Krf kom med følgjande framlegg som fall:

Nr. 21. Kommunestyret ber rådmannen om å i ei eiga sak vurderer å avvikla kommunen sine bustader i Saghaugen. Bebuarane skal få tilbod om nye bustader, på Haga eller i andre bufellesskap

Framlegget fall med 17 mot 16 røyster (Ap, Sp, Nils Magne Blålid (SV) og Krf utan Kjetil Eldøy)

Formannskapet si innstilling frå nr 14 til 27 som fall:

14. Stord kommune seier opp medlemskapet i MOT frå og med hausten 2019.
15. Kommunestyret ber rådmannen å ta initiativ til å oppretta barnevernvakt for dei tre samarbeidskommunane frå og med hausten 2019.
16. Frisklivscentralen vert avvikla frå og med 2019.
17. Kommunestyret ber rådmannen vurderer om kommunen skal starta opp eige produksjonskjøkken og overta matlaginga for bebuarar i institusjonane m.fl. når avtalen med den eksterne leverandøren går ut.
18. Kommunestyret ber rådmannen vurderer å redusere tal senger på rehabiliteringssenteret, med siktemål å oppnå stordriftsfordeler for dei ordinære sjukeheims plassane.
19. Kommunestyret vil avvikla dagtilbodet i Vidstentunet og gje brukarane eit alternativt tilbod på Sæbø gard. Kommunestyret ber rådmannen om å koma attende med ei sak om alternativ bruk av bygget.
20. Kommunestyret løyver kr 150 000 til ein forstudie som skal vurderer nye lokale for Hamna, Maris og LAR-senteret. Komité for rehabilitering, helse og omsorg får fullmakt til å ta stilling plassering av tenestene.
21. Kommunestyret ber rådmannen om å i ei eiga sak vurderer å avvikla kommunen sine bustader i Saghaugen. Bebuarane skal få tilbod om nye bustader, på Haga eller i andre bufellesskap.
22. Kommunestyret vedtek å avvikla døgntilbodet i Åkervikåsen frå og med april 2019.
23. Kommunestyret løyver kr 400 000 samla til lag og organisasjonar (integrering), Stord maritime museum og oppfølging regional museumsplan. Komité for næring, miljø og kultur skal fordela løyvinga i samband med handsaminga av detaljbudsjettet.

Retts utskrift:

24. Harri og Litlabø fritidsklubbar, Mandagsklubben og Onsdagsklubben vert avvikla frå og med hausten 2019.
25. Kommunestyret vedtek å stenga skeisebanen frå og med sesongen 2019-2020. Samstundes vert ordninga med byggvakt kvardag mellom kl. 15.00 og 07.30 og helg avvikla.
26. Kommunestyret legg til grunn at Stord kommunale eigedom AS betalar ut eit ekstraordinært utbyte på kr 1 mill. ved avslutning av rekneskapen for 2018.
27. Kommunestyret legg til grunn at rådmannen arbeider vidare med dagkaserering av brannstellet og at det samstundes vert lagt til rette for å organisera kommunen sitt bilhald (verkstad m.m.) med base på brannstasjonen på Vabakken.

Geir Angeltveit (V) kom med følgjande framlegg til vedtak:

Endring driftsbudsjett - inntekter	2019	2020	2021	2022
LEAN og kommunal effektivisering	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Ressurskrevjande brukarar	1 900 000	1 900 000	1 900 000	1 900 000
Løyvingskonto Kommunestyret	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Utbytte Kommunalt eigde aksjepostar	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Lærartettleik kommunar under norm	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Reduksjon av antall einingsleiarar	500 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Flytting Maris og Hamna til Vidsteentunet	500 000	500 000	500 000	500 000
Redusert stilling buoppfølgjingstenesta	600 000	600 000	600 000	600 000
Stord Kyrkjelege Fellesråd rammetilskot og nedtrekk	489 234	489 234	489 234	489 234
Skulehelseteneste	400 000	400 000	400 000	400 000
Ambulerande nattevaksordning	300 000	300 000	300 000	300 000
Redusert løyving Stord Maritime Museum (lag og org)	200 000	200 000	200 000	200 000
Reiselivssatsing	234 544	234 544	234 544	234 544
Utmelding av HOG Energi	50 000	50 000	50 000	50 000
FriNO		1 200 000	1 700 000	2 500 000
Flyttemelding studentar incentivordning		2 225 900	2 225 900	2 225 900
Endring i høve rådmannen sitt oppr. budsjett	12 173 778	17 099 678	17 599 678	18 399 678

Rett utskrift:

Kommunebudsjett 2019 Stord Venstre				
Endring driftsbudsjett - utgifter	2019	2020	2021	2022
Vidare drift skeisebanen	1 650 000	1 650 000	1 650 000	1 650 000
Åkervikåsen/Heimtun	1 500 000	1 800 000	1 800 000	1 800 000
Reversera kutt elevressurs + indeksregulering	1 592 998	1 592 998	1 592 998	1 592 998
Heimebaserte Tenester, faktisk forventa bruk	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Halvt årsverk Kulturskulen 60 elevplassar	500 000	500 000	500 000	500 000
Kommuneplanleggjar	450 000	900 000	900 000	900 000
Fritidsklubbane, Harri, Litlabø, Mandags- og Onsdagsklubben	400 000	1 100 000	1 100 000	1 100 000
Frisklivssentralen	400 000	400 000	400 000	400 000
19 nye Lærlingar	389 500	1 520 000	2 103 680	2 103 680
Oppstart Reguleringsplan Litlabøvegen	250000			
Folkehelsekoordinator	200 000	200 000	200 000	200 000
MOT	100 000	100 000	100 000	100 000
Leikeplassfond	100 000	100 000	100 000	100 000
Studentincentivordning	50 000	250 000	165 000	150 000
Straumutgifter Skigruppa lysløypa fjellet	15 000	15 000	15 000	15 000
Endring som følgje av endringar i investeringsbudsjett	1 590 000	1 615 000	2 125 000	2 815 000
Endring i høve rådmannen sitt oppr. budsjett	11 187 498	13 742 998	14 751 678	9 796 678
Endring driftsbudsjett - utgifter	2019	2020	2021	2022
Sum drift	986 280	3 356 680	2 848 000	8 603 000
Endring investeringsbudsjett	2019	2020	2021	2022
Nysæter Ungdomsskule oppstart 2019	50 000 000	57 000 000		107 000 000
Investeringar Langeland Skule utsett	10 200 000		10 200 000	
Investering opptaksutstyr formannsskapssalen	200 000			
Kyrkjelydshus		500 000		
Veg Grunnavågen	8 200 000			8 200 000
Sum endringar i høve opprinneleg budsjett	31 800 000	500 000	10 200 000	98 800 000
Effekt driftsbudsjett	1 590 000	1 615 000	2 125 000	2 815 000

Rett utskrift:

Verbalforslag

1. Kommunen søkar Utdanningsdirektoratet om midler til symjing for barnehageborn <https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/midler-kommuner/svomming-i-barnehager/>
2. Kommunestyret ber om at Nysæter Ungdomsskule ikkje vert utsett på grunn av bassenganlegg, og at forprosjekt for Nysæter Ungdomsskule vert lagt fram vår 2019.
3. Kommunestyret held på MOT som modell, men vil sjå på integreringa i skulekvardagen opp mot ny læreplan
4. Kommunestyret ber om at ein innfører ei incentivordning ovenfor studentar ved HVL Campus Stord, der ein tilbyr studentar ein kulturpakke, busskort eller tilsvarande tilbod om dei vel å folkeregistrera seg i kommunen mens dei studerar her.
5. Kommunestyret ber om at taket på Kulturhuset vert vurdert for sal som mogeleg tomteareal for bygg av nye etasjar
6. Kommunestyret ber om eiga sak på Skeisebanen, og ser behovet for å vurdere framtida til anlegget opp mot drift og inntekter, og organisering og utvikling.
7. Kommunestyret vel å gå for FriNo som modell, jmf. RHO sak 11/18
8. Kommunestyret ønskjer å vidareføra MOT som tilbod ved skulane, men ber om at implementeringa vert sett opp mot den nye læreplanen
9. Kommunestyret ønskjer å dekke utgiftene Skigruppa har med straum i Lysløypa
10. Kommunestyret ønskjer å likestill alle lysløyper i kommunen ved å la straumabonnementet for Ski-lysløypa verta kommunal
11. Kommunestyret legg til grunn at Stord kommunale eigedom AS betalar ut eit ekstraordinært utbyte på kr 1 mill. ved avslutning av rekneskapen for 2018.
12. Kommunestyret ber administrasjonen om å opna dialog med Hordaland Fylkeskommune om oppstart av reguleringsarbeid på Fylkesveg 67. Litlabøvegen
13. kommunestyret ønskjer å styrka kommuneplanlegginga med ei stilling for å få fortgang i arbeidet med mellom anna ny klima- og miljøplan og næringsplan

Framlegget fekk to røyster (V og MDG)

Rett utskrift:

Sigbjørn Framnes (Frp) kom med følgjande framlegg:**Endringar for drift (millionar)**

Beskrivelse	2019	2020	2021	Merknad
Effektivisering 1% første året, deretter 0,5%	-14	-21	-28	
IKT	-1	-1	-1	Effektivisering / tiltak
Areal effektiviserings prosjektet	-0,5	-1	-1	Effekt / tiltak
Reduksjon av talet leiarar	-2,5	-5	-5	Samanslåing einingar mellom anna
Velferdsteknologi	-0,5	-1	-1	
Effekt LEAN	-1	-2	-2	
Overf. kommunale boliger til Eigedom AS	-6	-6	-6	Årlig driftsbesparelse
Endringer reforhandla Statsbudsjett	-3	-3	-3	
Endring eigedomsskatt	9	9	18	2018 videreføres, reduseres i 2021
Heimtun bufelleskap	1,6	1,6	1,6	
Frisklivssentralen	0,4	0,4	0,4	
Styrking vedlikehald bygg	2,5	2,5	2,5	
Stord Maritime Museum	0,2	0,2	0,2	
Styrke planavdelinga	1	1	1	
Harry, Litlabø, Mandag, onsdagsklubben	0,4	1,1	1,1	
MOT	0,6	0,6	0,6	
Skeisebanen prosjekt Vikahaugane	1,1	0,5	0,5	Endre organisering av idrettsanlegg
Kommunalt vegvedlikehald	2	3	3	Reasfaltering kommunale vegar
19 Lærlinger	0,4	0,4	0,4	
Elevresurs	1,2	1,2	1,2	
	-8,1	-18,5	-16,5	Minus gjev overskott i budsjett

Endringar i investeringsbudsjett

Beskrivelse	2019	2020	2021	Merkand
Sal av kommunale bustadar til SKE AS	-100	-	-	
Prosesjonsveg Stord	12		12	
Sal av kommunale bygg/ eigedom	-10	-10	-10	
Kjøp midlertidig skulebygg til Nysæter	8	-	-	
	-90	-10	-22	Minusbeløp" Nedbetaling lån

Rett utskrift:

Verbalforslag:

1. Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ein takst for alle kommunale bustader. Dette med sikte på å overføre bustadane til Stord kommunale eigedom AS
2. Kommunestyret ber rådmann gå gjennom ordninga med driftsoperatørar i eigedom, for å sjå om dette kan omgjerast til reine tingarfunksjonar.
3. Kommunestyret ber rådmann sjå på heile organisasjonen og vurderer reduksjon i sentralleinga. Dette med tanke på framleige innsparingar utan forringa tenestetilbod for innbyggjarane.
4. Kommunestyret ber rådmann vurdere endring av drifta i og rundt idrettsanlegga på Vikahaugane. Ein skal sjå dette i samaheng med midlar til skeisebana for 2019. Målet er å redusere den totale driftskostnaden og moglege auka inntektene.
5. Kommunestyret ber rådmann endra LNF område vest av Næringstomta ved flyplassen til hamne og næringsføremål. For så å legge arealet ut for sal på den opne marknaden.
6. Kommunestyret ber rådmann vurdere å selja taket på kulturhuset.
7. Kommunestyret ber rådmann ta ein ny runde på flytting av bebuarar i Saghaugen, det er også forventa at bebuarane og pårørande vert involvert.

Framlegget fekk 4 røyster (Frp)

Rett utskrift:

Sverre Olav Svarstad (H) kom med følgjande framlegg til budsjett:

STORD HØGRE SITT ALTERNATIVE BUDSJETTFRAMLEGG - BUDSJETT 2019				
TEKST	AUKA KOSTNADER UNDERBALA NSE	AUKA INNTEKTER/R EDUSERTE KOSTNADER	Netto underbalans e	KOMMENTARER
Rådmann sitt forslag til budsjett	40 300 000	-20 021 044	20 278 956	Inkluderer økning av eigedomsskatt med MNOK 9 og bruk av MNOK 37,8 av totalt MNOK 50,3 i eigedomsskatt til drift
Høgre sine forslag til endringar:				
Effekt av 0% økning i eigedomsskatt		9 000 000		Eigedomsskatt vert ikkje auka. Som følgje av statsbudsjettet. Stipulert sum
Underdekning lærarnorm		-1 000 000		Som følgje av statsbudsjettet. Stipulert sum
Pedagognorm barnehagar		-200 000		Kjøp av ekstern kompetanse. Strategisk næringsplan
Ekstra planressurser		1 000 000		
Framhald av MOT		600 000		
Framhald av frisklivssentral		300 000		
Vidareføring fritidsklubbar		400 000		Oppretthalde same status på lærlinger som følgje av statsbudsjettet
Tilbakeføring ressurskrevjande brukar		-1 800 000		
Salg av kommunale bustader til SKE AS		-6 000 000		Mindre kapitalutgifter
Økt kapitalkostnader som følge av framskynding Nysæther Ungdomsskule		600 000		Antar 6 mnd finansiering i 2019
Effektivisering		-14 000 000		1 % av driftsbudsjett, 7 million gjennom Lean/2 million gjennom Velferdsteknologi, 2 million endring i sentraladministrasjonen/ 3million arealeffektivisering
Inntak lærlingar		400 000		
Psykolog frå 01.08.19		700 000		Lovpålagt frå 2020
Sum Høgre sine forslag til auka inntekter og reduserte kostnader:		-30 021 044		

Rett utskrift:

møtesekretær

Netto underbalanse ved Stord Høgre sitt forslag:	40 300 000	-30 021 044	10 278 956	Ingen økning i eigedomsskatt og bruk av eigedomsskatt til drift redusert med MNOK 19,6 i forhold til rådmannens forslag.
---	-------------------	--------------------	-------------------	---

Redusert bruk av eigedomsskatt ved Høgre sitt forslag til budsjett: 10 000 000

Bruk av eigedomsskatt	Rådmanne ns forslag	Høgre sitt forslag	Differanse	kommentar
Budsjettert eigedomsskatt	50 300 000	41 300 000	9 000 000	
Budsjettert bruk av eigedomsskatt til drift	37 725 000	27 725 000	10 000 000	
I % av Høgres sitt forslag		67 %		Handlingsregel vedtatt 2017 er 11%
I % av rådmannen sitt forslag	75 %			Handlingsregel vedtatt 2017 er 11%

Investeringer 2019	Rådmanne ns forslag	Høgre sitt forslag	Differanse	kommentar
Nysæther Ungdomsskule	434 296 000	477 296 000	-43 000 000	Nysæther Ungdomsskule - oppstart i 2019. Salg av boliger til SKE AS frigjer trolig nær MNOK 100 i lånefinansiering i 2019
Konsekvens foreslått investering utelieboliger		-1 500 000	1 500 000	Boliger selges til SKE AS

Verbalframlegg:

1	<p>Det vert vist til kommunestyresak PS 89/12 den 29.11.2012 i samband med vedtak av årsbudsjettet for 2013 og innføring av eigedomsskatt. Der står det i punkt 3 under bosktav h: Etter nedbetaling av akkumulert underskot skal inntekter får eigedomsskatt gå til investeringar innafør helse/omsorg og skule. Seinare har kommunestyret vedteke at om lag 11 % av eigedomsskatten kan brukast til verdibevarande vedlikehald og tilskot til lag og organisasjonar.</p> <p>Me er langt frå denne målsettinga i dag. Formannskapet si budsjettinnstilling syner at om lag 2/3 av eigedomsskatten nå vert brukt til drift. Stord Høgre er uroa over denne utviklinga og kan på ingen måte støtte formannskapet si innstilling om auke i eigedomsskatten på ½ promille eller 9 million kroner. Stord Høgre legg derfor fram eit framlegg om å effektivisere kommunen med 1 % av driftsbudsjett tilsvarande 14 million kroner. Dette fordeler seg med:</p> <ul style="list-style-type: none"> 7 million gjennom målretta bruk av LEAN 2 million kroner gjennom styrt bruk av Velferdsteknologi 2 million gjennom endringa av kommunen sin sentraladministrasjon 3 million kroner gjennom arealeffektivisering
---	--

Rett utskrift:

2	Stord kommune sel alle kommunale utleigebustader til SKE AS. Gjennom slikt salg vil kommune kunne betale ned gjeld på om lag 100 million kroner og redusere kapitalkostnader med 6 million kroner årleg.
3	Det må innførast ei ordning med at rådmannen i kvart kommunestyremøte informerer kommunestyret om status på den økonomiske situasjonen relatert til inntekter og utgifter i forhold til budsjett. Avvik skal kommenterast med ein analyse av situasjonen.
4	Alle framlegg til investeringar skal dokumenterast med synleggjering av økonomiske innsparingar/effektiviseringar. Dette har kommunestyret gjort vedtak om tidlegare, men må følgjast opp av rådmannen.
5	Kommunestyret ber om ei evaluering av dei økonomiske realitetane ved tilbakeføring av reinhaldstenestene, Stord vatn og avløp KF, Stord eigedom KF.
6	Kommunestyret løyver 1 million kroner til ekstern kjøp av plankompetanse – øyremerkt til utarbeiding av strategisk næringsplan.
7	Stord kommune skal framleis syna gjennom handling at kommunen som ein stor arbeidsgjevar satsar på tilrettelegging av lærlingeplasser. 19 lærlingar skal tilsetjast i 2019.
8	Kommunestyret ber rådmannen vurdere avtalen med idretten om bruken av skøytebanen og sjå dette i sammenheng med det pågåande arbeidet med å utvikle skøytebanen til ein innendørs skøytehall og bruken av fjernvarme til oppvarming. Ei slik vurdering bør og omfatte endring av drifta i og rundt idrettsanlegga på Vikahaugen. Målet må vera å redusere kommunen sine driftskostnader og mogleg auke i inntektene.
9	Kommunestyret ber rådmannen vurdere ordninga med driftsoperatører med siktemål og optimalisere arbeidsorganiseringa. Inkludert i ei slik vurdering ligg også overgang til reine tingarfunksjonar.
10	Fritidsklubbane vert vidareført
11	Stord kommune skal framleis satse på MOT.
12	Kommunestyret opprettheld opphaveleg oppstart og framdriftsplan for Nysæter Ungdomskule.
13	Frisklivssentralen vert vidareført
14	Kva gevinstar kan Stord kommune dokumentere gjennom sitt arbeid med implementering med bruk av LEAN og kva er kommunen sin strategi med å bruke LEAN

Framlegget fekk 12 røyster (H, Frp, V, MDG og Stordlisto)

Rett utskrift:

møtesekretær